



Blir ikkje dette høgdepunkt i år?

**Idag er det tysdag og laurdag er den store Aktivitetsdagen.  
Kvart år har Hopp i havet vore eit punktum med sus over denne dagen  
Skal det ikkje bli slik i år?**

**Programposten er nemlig truga av avlysing på grunn av spinkel påmelding.  
Det har vore bra oppslutning kvart år før, men til ikveld har det berre  
meldt seg 2 team! Det eine har til og med berre meldt seg på muntleg.**

Sigurd Børve har inga forklaring og det har heller ingen andre.  
Men han gjer det klart at det må melda seg fleire hvis arrangøren skal  
ta den store jobben med å rigga til rampe.

Stutt sagt må Børve ha beskjed seinast i morgon på telefon 90 73 27 89  
eller på mail [sigurd.borve@knett.no](mailto:sigurd.borve@knett.no) hvis ikkje posten skal avlysast.

Og det vil jo vera svært trist!?  
Så hiv dykk rundt og vær kreative!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Schat Harding kan meir enn å redda folk